

Saksbehandlar: Merete Farstad, Plan- og samfunnsavdelinga
Sak nr.: 14/2414-1

Vassforvaltningsplan for Sogn og Fjordane

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

Fristen for å sende forvaltningsplanen på høyring vert utsett til 1. oktober 2014.

Vedlegg:

Brev frå NVE 19.03.14: «*Innspill til arbeidet med vannforvaltningsplaner for tiltaksprogram.*»

Andre dokument som ikkje ligg ved:

Alle aktuelle fagdokument er lagt ut på Vannett, www.vannportalen.no.

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Eit høyringsutkast av forvaltningsplanen med tiltaksprogram skal vere sendt på offentlig høyring innan 1. juli 2014, jf. planprogrammet og vassforskrifta § 28. Dokumenta skal liggje ute i 6 månadar. Planprogram for forvaltningsplanen vart vedteke av fylkesutvalet 26.11.11, sak 126/11.

Fylkesutvalet har mynde til å legg dokumentet ut på høyring. Fylkesutvala i nabofylka (Hordaland, Buskerud, Oppland, Møre og Romsdal) må gi si tilslutning om å leggje planen ut på høyring av di mindre deler av vassområdet og ligg i nabofylka (regionen følgjer nedbørsgrensene og ikkje fylkesgrensene). Eit av fylka har siste fylkesutval før sommaren 4. juni. Det betyr at saksdokument med høyringsutkast må sendast om lag 3 veker før denne fristen til dei respektive fylka.

Før høyringsutkastet av forvaltningsplanen vert sendt til politisk handsaming skal planen handsamast i vassregionutvalet. For å halde fristane må planen handsamast her seinast i byrjinga av mai og saksdokument sendast ut like etter påske. Utkast til forvaltningsplan må etter dette tidsløpet ligge føre før påske, dvs. innan 11. april.

Fylkesrådmannen ser ikkje at det er mogleg å gjennomføre eit forsvarleg arbeid med forvaltningsplanen innafor dei fristane som no gjeld, og legg saka fram for å få aksept for utviding av gjeldande fristar.

2. Status for arbeidet med forvaltningsplanen

Formålet med forvaltningsplanen er å sikre ein heilskapleg og samordna vassforvaltning for berekraftig bruk av vassdrag, kystvatn og grunnvatn innanfor vassregion Sogn og Fjordane.

Planen er ein regional plan og vert utarbeida i samsvar med vassforskrifta og plan- og bygningslova. Planen skal etter forskrifta leggjast ut på høyring innan 1.7.2014 med 6 månaders høyringsfrist. Planen vil bli endeleg godkjent ved kongeleg resolusjon etter vedtak av planen i fylkestinga.

Forvaltningsplanen skal gje eit fullstendig bilete av:

- Miljøtilstanden i alt vatn (vassdrag, kystvatn og grunnvatn) og om det er risiko for at vatnet ikkje har god miljøtilstand i 2015
- Vesentlege påverknader på vassmiljøet
- Eksisterande og framtidige overvakingsprogram
- Miljømål for vassførekomstane
- Tiltak som må setjast i verk for å nå miljømåla
- Kost- nytte vurderingar av tiltak
- Oversikt over kva for sektor som har ansvar for å gjennomføre dei ulike tiltaka.

Vassregionmynda/fylkeskommunen skal saman med vassregionutvalet utarbeide forvaltningsplanen. Det er eit mål at det vert semje om planen i vassregionutvalet. I vassregionutvalet for Sogn og Fjordane sit 43 kommunar og 7 statlege regionale etatar og fylkeskommunane i vassregionen.

Eit tiltaksprogram knytt til forvaltningsplanen blir utarbeida. Tiltaksprogrammet bygger på tiltaksanalyser for kvart av vassområda Nordfjord, Sunnfjord, Ytre Sogn og Indre Sogn. Vassområdeutvala vil handsame tiltaksanalysane før dei vert sendt over til fylkeskommunen som faglege innspel til forvaltningsplanen.

Utarbeiding av forvaltningsplanen skal skje med bakgrunn i tiltaksprogrammet for vassregionen, som igjen bygger på tiltaksanalysane frå vassområda.

Status i arbeidet med tiltaksanalyser i vassområda

Arbeidet med tiltaksanalysane i vassområda er forsinka. Status for arbeidet med tiltaksanalyser pr. 20. mars 2014:

- Nordfjord: Mindre korrigeringar står att.
- Sunnfjord : Utkast til tiltaksanalyse er mangelfult og må korrigerast og godkjennast av vassområdeutvalet.
- Ytre Sogn: Ein oppdatert tiltaksanalyse må godkjennast av vassområdeutvalet.
- Indre Sogn : Framlegg til ein tiltaksanalyse vil bli handsama 3. april 2014 i Indre Sogn vassområdeutval.

Mykje av årsaken til seinking er at innspela frå statleg sektor har kome til dels svært seint, t.d. har Miljødirektoratet , Fylkesmannen og NVE sendt sine siste innspel i veke 8 (medio februar) i år. Mattilsynet har enno ikkje levert sine innspel. Den opphavlege fristen for å levere bidrag til arbeidet med tiltaksanalysane var 1. juni 2013.

Status i arbeidet med ulike temaområda som skal inn i forvaltningsplanen

Regulerte vassdrag – svært modifiserte vassførekomstar

Nasjonale styresmaktar har utarbeida diverse rettleiingsmateriale og retningsliner for utføring av arbeidet. Den siste rettleiaren kom 24. februar 2014. Den skal vere eit hjelpemiddel for å peike ut og finne realistiske tiltak og sette miljømål for sterkt modifiserte vassførekomstar. Det betyr i praksis at vi må sette eigne miljømål for dei sterkt regulerte vassdraga våre. Fysiske inngrep i vassdraga er ein av dei tyngste påverknadane vi har. Det er viktig å kome fram til gode miljømål og kostnadseffektive tiltak for dei regulerte vassdraga. Dette er eit tid og ressurskrevjande arbeid.

KLM og OED kom med nasjonale føringar for å sikre balansen mellom miljøforbetringar og kraftproduksjon for planperioden 2015-2021 i eit brev til vassregionmyndene 24.01.14.

I dag står 310 vassførekomstar i elv og 165 innsjøar som kandidatar til å få eigne miljømål på grunn av vasskraft. Sterkt modifiserte vassførekomstar får i praksis lågare miljømål enn god

miljøtilstand. Dette er eit omfattande arbeid og rettleiaren vi skulle nytte kom ikkje før 24. februar 2014.

Lakselus og rømt oppdrettsfisk

Det står att å vurdere tilstanden i vassdrag med påverknad frå lakselus og rømt oppdrettsfisk på ville lakse- og sjøaurebestandar. Arbeidet består i å fastsette miljøtilstand og påverknad samt å vurdere risiko for ikkje nå miljømålet basert på den kunnskapen vi har i dag. Miljødirektoratet vil utføre dette arbeidet innan 31.03.14 (første steg). Der datagrunnlaget ikkje er godt nok, vil tilstanden for laks og sjøaure bli satt som «ikkje definert». Ferdigstilling av tilstanden for desse bestandane tek lengre tid og vil ikkje bli inkludert i høyringsutkastet. Forvaltningsplanen vil soleis gi eit mangelfull bilete av påverknad av rømt oppdrettsfisk og lakselus på vill laks og sjøaure. Det same gjeld for å skissere tilhøyrande tiltak.

3. Vurderingar og konsekvensar

Rettslege konsekvensar

Sogn og Fjordane vil ikkje kunne overhalde den forskriftfesta fristen med å leggje planen ut på høyring innan 1.7 2014. Konsekvensen av å leggje planen 3 månader seinare ut på høyring, er at sentrale styresmaktar får kortare tid til å godkjenne forvaltningsplanen gjennom ein kongeleg resolusjon innan forskriftfesta tidsfrist.

ESA kan gje reaksjonar til Noreg om ikkje Noreg føl opp Vassdirektivet.

Plankonsekvensar

Forvaltningsplanen skal etter vassforskrifta vere vedteke gjennom kongeleg resolusjon innan utgongen av 2015. Fylkestinget bør difor vedta forvaltningsplanen før sommaren 2015. Ved utlegging av planen og tiltaksprogram til høyring i juni 2014, vil vi ha eit år til å summere opp høyringsuttaler, sikre handsaming i vassregionutvalet og fylkestinget. Med utsett frist for å legge planen ut på høyring, vert tida til handtering av høyringsinnspel og prosess i etterkant av høyringa tilsvarende kort.

Dersom planen vert lagt ut på høyring 1 oktober 2014, vert høyringsfristen 1. april 2015. Fylkestinget kan då vedta planen i juni eller oktober 2015. Dersom planen vert send over til nasjonale styresmaktar i oktober 2015, får dei dårlegare tid til å godkjenne forvaltningsplanen ved kongeleg resolusjon innan utgongen av 2015.

Faglege konsekvensar

Vassressursane i Sogn og Fjordane er svært viktige, og det er behov for ei heilskapleg tilnærming for å sikre bruk og vern. Det er difor trong for tid til å balansere miljøtilhøve opp mot kostnader og nytte av tiltak som vert føreslegne for å nå miljømåla om god tilstand. Det er og behov for å prioritere kva for vassdrag som bør få betre miljøtilhøve ved å sleppe meir vatn frå regulerte vassdrag jf. rapporten Vannkraftkonsesjoner som kan revideres innen 2022.

Dette saman med svært seine nasjonale føringar for korleis arbeidet skal utførast og svært seine innspel til tiltaksanalysane og tiltaksprogrammet frå statlege etatar, gjer at det blir vanskeleg å halde tidsfristane og samstundes levere eit dokument av god nok kvalitet.

Fylkesrådmannen vurderer det som ikkje mogleg å få til ein godt gjennomarbeida og forankra forvaltningsplan innafor dei gjeldande tidsrammene. Vi har svært kort tid på oss til å utarbeide tiltaksprogrammet på grunnlag av tiltaksanalysane frå vassområda, og det er ikkje tilstrekkeleg tid til å gjere dei naudsynte vurderingane og sette dei ulike miljømåla i forvaltningsplanen. Det må og vere rom for naudsynte prosessar mot aktørar som er direkte partar i saka.

4. Konklusjon

Fylkesrådmannen meiner det ikkje er samsvar mellom dei fristar og prosessar det vert lagt opp til i planarbeidet, og dei rammevilkåra fylkeskommunen må ta omsyn til i arbeidet.

Fylkesrådmannen meiner at kvaliteten på arbeidet med tiltaksanalysane er avgjerande for det vidare planarbeidet, og ser ikkje at dette arbeidet kan få ei forsvarleg handsaming innafor dei fristane som er sett.

Fylkesrådmannen konstaterer at mange av dei samarbeidande aktørane, mellom anna ein del statlege organ, har levert sine bidrag svært seint i prosessen, til dels lenge etter fristane som var satt for arbeidet. I tillegg har det kome fleire viktige nasjonale føringar for arbeidet, fyrst etter nyttår 2014.

Fylkesrådmannen rår til at vi som vassregionmynde gjev statlege organ med mynde på området, melding om at vi har utsett fristen for å legge forvaltningsplanen med tiltaksprogram ut på høyring til 01.10.14.